

---

**Saksnr:** 2021/53479-1  
**Saksbehandlar** Sondre Lekve Bjelle  
**Dato:** 04.11.2021

---

---

**Til:** Fylkesutvalet og Fylkestinget

---

**Frå:** Fylkesdirektøren

---

## Overordna risiko- og sårbarheitsanalyse for Vestland fylkeskommune

Til orientering legg fylkesdirektøren fram ein overordna risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) for Vestland fylkeskommune.

Vestland fylkeskommune er ein stor offentleg aktør som skal halde oversikt over risikoar som kan påverke sine ansvarsområde. Den overordna ROS-analysen skal gje eit bilete av kva risikoar fylkeskommunen står overfor, og den skal vere eit viktig grunnlagsdokument for vidare arbeid med sikkerheit og beredskap.

Analysen har vorte utarbeidd av interne ressursar for å sikre eigarskap til innhaldet. Beredskapsleiar har leia arbeidsgruppa som var sett saman av tilsette frå infrastruktur og veg, mobilitet og kollektiv, og opplæring og kompetansen. Arbeidsgruppa har involvert tilsette frå heile organisasjonen i arbeidet med fareidentifikasjon og innsamling av relevante data.

Overordna ROS-analyse vart godkjent av leiargruppa 30. august. Basert på dei risikoreduserande tiltaka i ROS-analysen, vart det laga ei liste over prioriterte tiltak. Dette er ei liste over tiltak som leiargruppa meiner organisasjonen bør prioritere dei komande to åra, men det er ikkje ei uttømmende liste over alt arbeid innan sikkerheit og beredskap som skal gjennomførast.

### Vedlegg

1. Overordna ROS for Vestland fylkeskommune
2. Prioriterte risikoreduserande tiltak